

Sakshandsamar:

Kristin Arnestad

E-post: kristin.arnestad@sfj.no

Tlf.: 90616843

Vår ref.

Sak nr.: 18/340-39

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

11980/18

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 13.04.2018

Notat**Sakshandsaming - infrastrukturmidlar reiseliv 2018****1. VEDTAK**

1. Fylkesdirektøren for næring og kultur har gjort følgjande vedtak for tildeling av infrastrukturmidlar i reiseliv for 2018:

		Totalbudsjett	Vedtak
Utvikle parkering- og sørvisområdet ved Sogn skisenter for heilårsaktivitet	Sogn skisenter AS	1 300 000	30 000
Stisykkelutvikling i Sogn	Sogn Terrensykkel	1 200 000	0*
Søknad om etablering av laddestasjonar, og straum /septik til bubilar i Hodlekve	Sogndal Skisenter Drift AS	231 000	0
Laussnøekspress 2019	Sogndal Skisenter Drift AS	200 000	0
Bussturer fra Balestrand til Utsikten på Gaularfjell	Geir Willy Nesse	166 400	0
Bussturer fra Balestrand til Saurdal	Geir Willy Nesse	432 000	0
Sesongutvidelse Hurtigbåt Bergen-Flåm:	Norled AS // dm2914	1 320 000	0
Forprosjekt, helårs transport og opplevelsestilbud, Sogn og Fjordane	Flåm Travel AS	2 024 000	0
Måløyraid Løypa	Stiftelsen Måløyraid Senteret	395 999	197 500
Produktforbedringer Turløyper Stryn 2018 (trinn 2)	Turløyper Stryn	220 000	110 000
Tilrettelegging av sti på sørsida av Briksdalen for å spreie trafikk og hindre slitasje	Briksdalsbre Fjellsstove AS	1 780 000	250 000
Topptur Jølster - Tavler til informasjonspunkt	Jølster kommune, Næring og miljø	170 000	85 000
Eggenipa - ny tilkomstveg og parkeringsplass	Nibberåsa	1 551 250	400 000
Utbetring av atkomststien til Wittgensteinhuset i Skjolden	Stiftinga Wittgenstein i Skjolden (SWiS)	90 000	0
Prosjektskildring vandre - og sykkelsti Napen i Hjelledalen, Stryn, Nordfjord fase 2	Folven AS	189 250	0
Produktforbetring Holvikejekta	Musea i Sogn og Fjordane	200 000	0
Infrastrukturtiltak knytt til produktutvikling av Selja og Selja kloster og helgenanlegg	Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad	280 000	0
Digital formidling av vikinghistoria på Nordfjordeid	Stiftinga Sagastad	250 000	60 000
Lysprosjektet - "Vinterattraksjonar i Nærøyfjorden".	Nærøyfjorden Verdsarvpark	620 000	0
		12 619 899	1 132 500

*Får omdisponere midlar

2. Det vert sett av inntil 150 000 kr. til å styrke båtutetilbodet mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden. Saka må utgreiast nærare før eit eventuelt tilskot. Midlane skal ikkje nyttast til rutedrift, men til andre tiltak som gjer at ein kan lukkast med eit styrka tilbod, som til dømes marknadsføring.

2. INNLEIING**2.1 Om ordninga**

Ordninga skal støtte tilretteleggande tiltak som skal gjere dei mest særeigne attraksjonane i fylket meir tilgjengelege for turistar. Vi ynskjer spesielt å legge til rette for at turisten kan vandre for å oppleve attraksjonar som bre, fjord, fjell, interessante tettstader og kulturattraksjonar.

Tiltaka som vert støtta skal medverke til å nå måla i verdiskapingsplanen.

Midlane blei lyste ut 5. desember 2018 med søknadsfrist 15. februar. Innan søknadsfristen har vi motteke 19 søknader som er vurdert opp mot kriteria i utlysingsteksten og satsingane i verdiskapingsplanen. Vurderingane er også gjort i tråd med retningslinjer for verkemiddelbruk for næring. Samla søknadssum var på 3,918 mill. kr. for 2018 (der ein av søknadane eigentleg er ein søknad om omdisponering av allereie løyvde midlar).

Saksframstillinga har vore til uttale hjå destinasjonsselskapa.

2.2 Tildelingskriterier

I utlysingsteksten vert det slått fast at grunna avgrensa midlar vert fylkeskommunen i 2018 nøydde til å prioritere prosjekt som har fått støtte tidlegare. Dette går ikkje på bekostning av prinsippa om å ikkje støtte driftstiltak og at prosjekt ikkje vert støtta lenger enn 3 år.

Tiltaka som vert støtta skal medverke til å nå måla for [reiselivssatsinga i Verdiskapingsplanen](#).

Kva prosjekt og tiltak vert prioriterte?

- Tiltak som bidreg til auka verdiskaping til reiselivsbedriftene i området
- Tiltak som skapar auka trafikk i skulder- og vintersesong
- Tiltak som støttar opp under fleire attraksjonar/reiselivsbedrifter
- Tiltak som medverkar til auka overrissingseffekt
- Tiltak som stør opp om vandring som aktivitet
- Prosjekt med forankring i destinasjonsselskapet i regionen
- Vi legg vekt på miljøprofil og berekraft ved tildeling av midlar
- Tiltak som har fått støtte tidlegare vert prioritert for tildeling i 2018.

Kriterium for å få støtte

- Hovudprosjekt kan bli støtta med inntil 50 prosent av kostnad.
- Eigeninnsats kan inngå som ein del av finansieringsplanen, og kan prissettast til inntil kr 600 timen. Tal timar skal spesifiserast både i søknad og ved levering av rapport/rekneskap.
- Tilskotet skal ikkje gå til bedriftsretta tiltak og tiltak som kan reknast som bedriftsutvikling. Tiltak som vert støtta skal vere opne og tilgjengelege for alle.
- Tilskot som omhandlar transportutviklingstiltak, kan berre nyttast til å dekke eventuelt kostnader som ikkje vert dekka av billettinntekter.
- Tiltaka skal ikkje ha samfinansiering med kommunale næringsfond eller tilskot til bedriftsutvikling frå Innovasjon Norge.
- Tilskotet skal ikkje gå til drift og innkjøp.
- Midlane skal ha utløysande effekt for realisering.
- Destinasjonsselskapa vurderer søknadane før innstilling, søkjar skal difor ta kontakt med destinasjonsselskapet i sitt område for å få søknaden vurdert før den vert sendt inn.

2.3 Rammer

Det er sett av 0,900 mill. kr. til infrastruktur i reiselivet i næring og kultur sitt budsjett for 2018. I tillegg er det restmidlar innan ordninga på 0,552 mill. kr. Den samla tilgjengelege ramma for denne ordninga er såleis 1,452 mill. kr.

2.4 Generelt om vurderingane

Dei fleste søknadane er innanfor ordninga, men vi ser at nokre søknader grensar i bedriftsretta

støtte. Vi har prioritert prosjekt som vert vurdert til å ha størst effekt og som treff aller best mot tildelingskriteria.

Særleg vekt har vi lagt på å prioritere prosjekt som har fått støtte tidlegare, for å få fullført i arbeid som allereie er sett i gong. Vi har i tråd med utlysingsteksten prioritert prosjekt som står opp om vandring som aktivitet. Dette er vandring for å oppleve attraksjonar som bre og fjell, men også vandring gjennom tettstadar og mellom historiske attraksjonar.

Vi har også prioritert prosjekt som har stor nytte for fleire aktørar, og vil vere viktige supplement til andre attraksjonar. Døme på dette er vandringsløyper for cruiseturisar og andre knytt til historiefortelling og historiske plassar.

I vedtaka nyttar vi heile den tilgjengelege ramma for 2018, samt noko restmidlar frå tidlegare år. Med trongare rammer framover og fleire søknader i grenseland for det midlane kan nyttast til, så vel vi å nytte nokre av dei tilgjengelege restmidlane til ny utlysingsrunde for å få kraft i den vidare satsinga.

3. VURDERING AV SØKNADER

(Sakshandsamarar: Kristin Arnestad, Anne Silje Sylvarnes, Adrian Husabø Bjørseth)

3.1 Utvikle parkering- og serviceområde ved Sogn skisenter for heilårsaktivitet

Kort om søknaden

Sogn skisenter skal utvikle aktiviteten med tanke på tilbud både sommar og vinter. Det skal byggjast ny rulleskiløype, og terrengsykkelsti blir ferdigstilt til sommaren. Men heile uteområdet med parkeringsområde må oppussast med tanke på sommarbruk. Dette er noko som skisenteret seier dei ikkje har råd til åleine. Skisenteret søker om 400 000 kr. til å utvikle parkerings- og serviceområdet for å legge til rette for heilårsaktivitet.

Skisenteret ynskjer eit meir tiltalende innkøyringsområde frå Rv 55. Dei har engasjert ein landskapsarkitekt for å heve den estetiske utforminga på området. Målet med prosjektet er å legge til rette for meir aktivitet og større kvalitet på opplevingane til gjestene.

For å auke heilårsaktiviteten ynskjer skisenteret å vidareutvikle terrengsyklingsanlegget med ei aktivitetsløype tilrettelagt også for dei yngste. Søklar seier også at for å drifte anlegget er det mykje utstyr og reiskap. Alt for mykje av dette står i dag utendørs. Dei har behov for eit kaldlager for å få meir orden og eit ryddigare område. Heile området må oppussast. Det er då snakk om naudsynt vedlikehald av grøfter, fjerning av nedlagt skog og tynning av eksisterande skog, tilføring av masse, grus og jord, samt tilplanting der det trengst.

Sommaren/ hausten blir anleggsperiode og ferdigstilling av prosjektet sommaren 2019.

Vurdering og konsekvensar

Det er svært positivt at skisenteret no styrkjer aktivitetstilbodet både sommar og vinter, og ynskjer å gjere uteområdet med parkering meir tenleg, og finare. Ved aukande besøk ser vi at det bør gjerast noko med området. Vi meiner likevel at tiltak som kaldlager er naudsynte investeringar som skisenteret må gjere. Tiltaka rundt parkeringsområdet er ei oppussing av eksisterande område slik vi forstår søknaden, og kan såleis reknast som drift og vedlikehald noko som vi jf. retningslinene for verkemiddelbruk ikkje har høve til å støtte. Tiltak som kaldlager har direkte nytte for skisenteret og vil ikkje gjere området meir tilgjengeleg for turistar, sjølv om det sjølvstøtt vil gjere området meir innbydande.

Vi vel å støtte aktivitetsløypa for å supplere terrengsyklingsanlegget, og auke heilårsaktiviteten ved senteret. Det er positivt med eit tilbud også for dei yngste, noko som kan vere eit viktig supplement til andre aktivitetar i område. Totalbudsjettet her er 60 000 kr. og vi løyver inntil 50 %, 30 000 kr.

Vedtak

Sogn skisenter får avslag på søknaden om støtte til utvikling av parkerings- og serviceområde. Skisenteret får 30 000 kr. til aktivitetsløype. Løypa må vere open for alle.

3.2 Stisykkelutvikling i Sogn

Kort om søknaden

Sogn Terrensykling søker om 437 500 kr. til bygging av sykkelanlegg ved Sogn Skisenter og utarbeiding av områdeplan for framtidig sykkelanlegg i Leikanger. I utgangspunktet er dette ikkje ein ny søknad, men ein søknad om omdisponering av midlar frå eit prosjekt i regi av Sogn Næring som har fått eit tilskot på 400 000 kr. tidlegare.

Prosjektmålet er å åpne eit førsteklasses stisykkelanlegg på Heggmyrane (Sogn Skisenter). Anlegget skal vere eit fyrtårn for denne type utvikling på Vestlandet, og bidra til auka attraktivitet og verdiskaping til reiselivet (overnatting, servering, hytteutbygging m.m). Søkjar ynskjer også å utarbeide en områdeplan for stisykkelutvikling i Leikanger som legg grunnlaget for et konkret reiselivsprodukt.

På Heggmyrane skal det byggast ei sykkelløype etter IMBA trail standard, det skal skiltast og merkast og lagast ferrister ved gjerdekrøssingar.

Prosjektet skal gje eit konkret stisykkeltilbod som er etterspurt i reiselivssamanheng, eit sykkelanlegg som tåler høg belastning, skisenteret får ein sommaraktivitet som styrkjer heilårstilbodet og prosjektet skal gje avlastning til høgt pressa stisykkelområde. Dette skal igjen auke attraktiviteten i området, føre til fleire overnattingar, gje positive ringverknader i lokalmiljøet og auke rekrutteringa til stisykling.

Utgangspunktet er eit prosjekt i regi av Sogn Næring som såg på stisykling i kommunene Sogndal, Leikanger og Luster. Målet var å få på plass betre stiar som kunne tåle kommersiell satsing. Prosjektet viste seg å vere meir krevjande enn føresett og prosjektet endra. I 2018 blei prosjektet avslutta av Sogn Næring med ynskje Sogn Terrensykkel overtar og ferdigstiller prosjektet.

Det har tidlegare vore krevjande å få på plass avtalar med grunneigarar. Avtalar er på plass for alle utanom ein. Sogn Terrenge reknar med å signere siste avtalen snarleg.

Vurdering og konsekvensar

Dette er i hovudsak ein søknad om skifte av prosjekteigar. Vi er einige med Sogn Næring og Sogn Terrensykkel om at det er fornuftig å skifte prosjekteigar sidan Sogn Terrensykkel har naudsynt kompetanse og har dugnadskapasitet.

Prosjektet har endra seg noko sidan opphavleg søknad. Då vart det også fokusert meir på bygging av stiar på Leikanger. No er prosjektbeskrivinga noko endra og satsinga vert konsentrert om Heggmyrane, men det ligg også inne ein områdeplan for stisykkelutvikling i Leikanger som skal legge grunnlaget for eit konkret reiselivsprodukt. Kostnaden på planen er sett til 50 000 kr. Vi meiner områdeplanen for Leikanger ikkje bør prioriterast frå infrastrukturmidlane. Vi ynskjer å prioritere bygging av stiar, og prioritere innsatsen om satsinga på sesongutviding rundt anlegget på Heggmyrane.

Det vert søkt om ytterlegare 37 500 kr. utover det som er gitt tidlegare. Sidan totalbudsjettet er redusert frå sist søknad og vi ynskjer å rette midlane mot Heggmyrane vert det ikkje løyvd ytterlegare midlar.

Vedtak

Prosjektet stisykkelutvikling i Sogn vert overført frå Sogn Næring til Sogn Terrensykling. Prosjektet skal gjennomførast i tråd med søknad frå 2018, med unnatak om at områdeplan for Leikanger ikkje vert støtta. Det vert føresett av avtalar med alle grunneigarar kjem på plass.

Det vert ikkje løyvd ytterlegare midlar utover tilskotet som opphavleg blei gitt Sogn Næring.

3.3 Søknad om etablering av ladestasjonar, og straum/septik til bubilar i Hodlekve

Kort om søknaden

Sogndal Skisenter Drift AS søker om 115 000 kr. i tilskot til å etablere ladestasjonar for alle typar el-bilar på parkeringsplassen i Rindabotn, likeeins ynskjer dei å etablere septiktøyming for bubilar.

Arbeidet skal starte våren 2018 og sluttførast før snøen kjem i november 2018. Prosjektet skal etablere 4 ladepunkt for e-bilar (to Tesla og to universal), 10 straumuttak for bubilar og etablering av tøyemepunkt for septik. Skisenteret ynskjer å tilby betre infrastruktur for turistar og andre.

Søkjar seier at vintersatsinga medfører auka tilstrøyming av turistar, som gir behov for både laddepunkt for el-bilar og straumpunkt for bubilar.

Vurdering og konsekvensar

På førespurnad seier skisenteret at stasjonane dels skal vere hurtigladdestasjonar. To stasjonar er Tesla Destination charging som typisk er plassert på hotell og attraksjonar og har lenger ladetid. Sjølv om det er positivt med mange ladepunkt i fylket og ved attraksjonar så meiner fylkesdirektøren at dette ligg utanfor det infrastrukturmidlane bør nyttast til. Slike ladestasjonar ville vere ein fordel for andre verksemdar som hotell og liknande og fylkesdirektøren ynskjer ikkje gå inn og støtte ei verksemd – sjølv om dette er eit selskap som ikkje har økonomisk utbytte som føremål, framfor andre. Det vil også kunne opne frå søknader frå andre.

Fylkeskommunen har i dag ei ordning for tilskot til hurtigladdestasjonar. Per no prioriterer ordninga knutepunkt. Denne ordninga vert vurdert endra, og det kan kanskje bli mogleg for skisenteret å søkje på denne ordninga seinare.

Sett opp mot kriteria for utlysinga vert dette prosjektet vurdert å ha avgrensa effekt for fleire verksemdar enn skisenteret, og det er også usikkert kor mange ekstra turistar som vil kome på grunn av dette.

Også tøming av septik for bubilar er eit tiltak som ikkje vert vurdert å nå opp mot kriteria i utlysinga.

Vedtak

Sogndal Skisenter Drift AS får avslag på søknaden om tilskot til ladestasjonar og straum/septik for bubilar

3.4 Laussnøekspress 2019

Kort om søknaden

Sogndal Skisenter Drift AS søker om eit tilskot på 100 000 kr. til å vidareutvikle Laussnøekspressen som går langs riksveg 5 i Sogndalsdalen.

Sidan den første Fjellsportfestivalen for 10 år sidan har det vore tilbod om transport frå hovudvegen til Sogndal skisenter. Tilbodet har gått med underskot kvart år. Kostnadane har vore tunge å bere for skisenteret, men dei ser at ringverknadane av tilbodet er store. Eit godt transporttilbod er avgjerande for totaliteten av tilbodet til skisenteret. Sogndal Skisenter har fått tilskot frå infrastrukturmidlane til laussnøekspressen i sesongane 2012/2013 og 2013/2014.

Søkjar seier det framleis er utfordringar knytt til aktiviteten, men dei har mål om å utvikle tilbodet. Skisenteret ynskjer å lage til meir dynamiske ordningar som treff betre i høve behovet. Av og til er det for mange som vil bruke tilbodet, og av og til kjøyrer bussane tomme. Tilbodet skal mellom anna utviklast med betre digitale løysingar for å bestille på førehand, og betre betalingsløysingar. Søkjar treng også å få på plass gode avtaleverk mellom transportør og skisenteret. Søknaden skisserer kostnader på 100 000 kr. i transportkostnader og 100 000 kr. fordelt likt på kjøp av digitale tenester og prosjektleiar.

Vurdering og konsekvensar

Laussnøekspressen har eksistert i mange år no. Vi vurderer tilbodet til å vere ein viktig del av totaliteten til skisenteret, og for Sogn som skidestinasjon. For tryggleiken langs riksveg 5 er laussnøekspressen også eit godt tiltak.

Av budsjettet på 200 000 kr. er 100 000 transportkostnader. Allereie då skisenteret fekk tilskot for 2013/2014 sa vi at vi gav støtte for å sikre tilbodet, men at søkjar ikkje kunne rekne med støtte vidare. Transportkostnadane ser vi på som reine driftskostnader, og dette har vi ikkje høve til å støtte. Også naudsynte avtaleverk ser vi på som driftskostnader.

Sjølv om det er positivt at senteret vil utvikle bussen med betre digitale løysingar og betalingsløysingar, meiner vi dette også ligg utanfor det vi bør støtte og at senteret saman med næringa elles i området må dekke dette.

Vedtak

Sogndal Skisenter Drift AS får avslag på søknad om tilskot til Laussnøekspressen.

3.5 Bussturar frå Balestrand til utsikten på Gaularfjellet

Kort om søknaden

Dette er eit prosjekt med bussturar (minibuss, 10-16 personar) frå Balestrand til utsiktspunktet på Gaularfjellet. Prosjektet starta opp i 2016. Det skal vere eit tilbod til turistar og andre i Balestrandområdet på sommarsesongen (6. juni – 31. august). Det skal vere med på å betre og utvide tilbodet for reiseliv i Balestrandregionen, samt styrke grunnlaget for reiselivsaktør/transportør.

Det vert søkt om 50 000 kr. i året i tre år.

I finansieringsplanen er det sett opp eit snitt på passasjerar på 3-5 per tur. Det er lagt opp til faste turar to gonger i veka og elles på førespurnad.

Tidlegare har prosjektet motteke støtte frå kommunalt næringsfond. Det var søkt om støtte til prosjektet frå infrastrukturmidlane også i 2017. Søknaden nådde då ikkje opp i konkurransen.

Vurdering og konsekvensar

Fylkesdirektøren meiner som i 2017 at det er positivt at søker ynskjer å auke trafikken til Gaularfjellet og Utsikten. Det er likevel avgrensa tal passasjerar som tek turen etter anslaga, og vi må prioritere prosjekta med størst effekt og som treff prioriterte satsingar best. Denne søknaden reknar vi også som bedriftsretta.

Vedtak

Geir Willy Nesse får avslag på søknaden om støtte til bussturar frå Balestrand til utsikten på Gaularfjellet.

3.6 Bussturar frå Balestrand til Surdal

Kort om søknaden

Geir Willy Nesse søker om kr. 100 000 i tre år til eit nytt aktivitetstilbod for turistar i Balestrand, -minibusstur frå Balestrand sentrum til Saurdal. Aktivitet og innhald vil variere med årstid og vær. Turen skal ha faste avgangar og sesong er heile året. Turen er i samarbeid med Balestrand Adventure.

Søklar seier at dette er ei skisse til prosjekt som vert starta opp sesongen 2018 dersom støtte vert innvilga. I søknaden står det at prosjektet er skissert etter oppfordring fra reiselivsbransjen og Visit Sognefjord om å skape heilårsturisme i regionen. Prosjektet skal skape aktivitetstilbud for turister/reisande i Balestrand med utvida sesong/heile året, til vekst i reiselivsnæringa i Balestrand/Sogn, og skape arbeidsplassar.

Det er i skissa sett opp at turen skal gå tre dagar i veka, og billettinntekster er sett opp basert på to passasjerer per tur.

Vurdering og konsekvensar

Det er positivt med fleire aktivitetstilbud, men med eit avgrensa tal deltakarar trur vi dette prosjektet har avgrensa effekt samanlikna med ein del andre, og vi må prioritere prosjekta med størst effekt og som treff prioriterte satsingar best. Prosjektet vert også rekna som bedriftsretta.

Vedtak

Geir Willy Nesse får avslag på søknaden om støtte til bussturar frå Balestrand til Saurdal.

3.7 Sesongutviding hurtigbåt Bergen-Flåm

Kort om søknaden

Norled AS søker om kr. 450 000 til sesongutvidinga på ruta Bergen-Flåm, og varsler samstundes søknad om same sum i 2019 og 2020.

Sogn og Fjordane fylkeskommune driv dei to ekspressbåtrutene mellom Sogn og Bergen. Norled er operatør på rutene og har inntektsansvaret. Heilårsruta går på strekket Sogndal-Bergen-Sogndal, medan strekket Bergen-Flåm-Bergen er ei sommarrute. Sommarruta har tidlegare gått frå 1. mai – 30. september. Ruta har hatt om lag 54 000 reisande. Sommarruta er tilpassa behova til turistar og fungerer i hovudsak som ei turistrute. . Det har vore arbeidd systematisk med suldersesongen på denne ruta i mange år. Sesongen vart sist utvida i 2003.

Basert på eit innspel frå Sogn Regionråd vedtok fylkestinget i sak 24/17 å gje høve til å utvide sesongen på ekspressbåten Bergen-Flåm-Bergen med inntil 1 månad i kvar retning. Føresetnaden for utvidinga var at reiselivsnæringa og operatør tek ansvaret og den økonomiske risikoen. Fylkeskommunen er såleis ikkje direkte økonomisk involvert i sesongutvidinga.

Norled skal utvide sesongen med to veker i kvar skuldersesong, slik at sesongen startar 16. april og avsluttast 14. oktober (tidligere 01. mai til 30. september). Norled vil teste og evaluere i 2018, men intensjonen er å fortsette prosjektet i 2019 og 2020, med føremål å oppretthalde og ytterlegare utvide sesongen for hurtigbåten mellom Bergen-Flåm. Norled søker om midlar til å teste og evaluere sesongutvidinga, og søker om midlar hovudsakleg til prosjektering, planlegging, gjennomføring og oppfølging, samt marknads- og salgstiltak

Søklar seie sesongutvidinga vil føre til eit betydeleg tal fleire reisande inn i Sognefjorden og føre til ein auke både i utvida sesong men også i den etablerte sesongen. Norled etimerar at desse fire ekstra vekene skal generere om lag 5 000 ekstra reisande med sommarruta. Ved ei evaluering vil Norled også sjå på effekten på det totale talet reisande i etablert sesong og effektane på reiseliv og næringsliv generelt.

Norled jobbar tett med andre aktørar som Visit Sognefjord for å få best mogleg resultat frå sals- og marknadsarbeidet.

Søklar seier dei ikkje har lagt til grunn driftskostnader i søknadsgrunnlaget. Beregningar er gjort, men dei viser negative driftstall. Men, dette ser Norled som et ledd i satsningen og samarbeidet med nærings- og reiselivet i Sognefjorden.

Vurdering og konsekvensar

Ei sesongutviding av denne viktige turistruta er svært positivt, og det vil ha viktige effektar for reiselivet i regionen om ruteutvidinga vert vellukka. Etter utlysingsteksten skal vi ikkje støtte bedriftsretta tiltak, og eit tilskot vil truleg kome inn under reglane om offentleg støtte og måtte bli gitt som bagatellstøtte eller under eit gruppeunntak. Prosjektet vert difor rekna som bedriftsretta sjølv om store deler av næringa i Sogn vil ha nytte av sesongutvidinga.

Sesongutvidinga vil bli sett i verk uavhengig av eit tilskot frå fylkeskommunen, så det kan vurderast kor stor utløysande effekt eit tilskot vil ha. Føresetnaden for utvidinga var at reiselivsnæringa og operatør tek ansvaret og den økonomiske risikoen, og sjølv om vi ser at ei solid marknadsføring er viktig for resultatet vel vi å ikkje gå inn med støtte.

Vedtak

Norled AS får avslag på søknaden om støtte til sesongutvidinga på ruta Bergen-Flåm.

3.8 Forprosjekt, heilårs transport og opplevingstilbod i Aurland og Lærdal

Kort om søknaden

Flåm Travel AS søker om kr. 100 000 til etableringa av eit transport og opplevingstilbod i Aurland og Lærdal som skal bli eit heilårsbasert reiselivsprodukt. Finansieringsplanen signaliserer også søknader i 2019 og 2020. Totalbudsjettet er på 2,024 mill. kr. i 2018. Størsteparten av kostnaden er knytt til produksjon av rutene.

Det vert søkt om støtte til etablering av eit fast shuttlebusstilbod med daglege avgongar mellom Flåm/Aurland - Stegastein utsiktspunkt, og Flåm/Aurland - Borgund Stavkyrkje. Ruteplanen skal tilpassast ankomst og avgangstider for buss, tog og ferje, med utgangspunkt i Flåm som destinasjon. Planlagt tidsperiode for forprosjektet er fra 1. april 2018 til 31. desember 2018.

Turene er organisert gjennom daglige avgonger, og inneheld guiding langs ruta, og lokalguiding ved Borgund Stavkirke. Transporten skal føregår med miljøvennlige busser. Søkjar seier produktet er resultat av etterspørsel etter opplevingstilbod som inkluderar transport, med særleg vekt på auka aktivitet i skuldersongen. Søkjar seier offentlege rutetilbud er avgrensa og har for få daglege avgonger, som er tilpasset avgangs- og ankomsttider for ferje, buss og tog i Aurland kommune. Rutetilbudet mellom Aurland og Lærdal er avgrensa, og det er trong for eit tilbod som bidrar til en sterkere samkobling av reiselivskommunene Aurland og Lærdal.

Målet er å skape eit helårstilbod for turistar, bedrifter og lokalbefolkning gjennom auka tilgang mellom ulike reiselivsaktørar i regionen. Erfaringsmessig er turer til Stegastein utsiktspunkt eit populært produkt som utgjer eit nødvendig økonomisk fundament for at prosjektet skal kunne lykkast.

Forventa resultat for turar til Borgund er 4 320 passasjerar og ei utnyttingsgrad på 50-60%, forventa resultat for turar til Stegastein er 11 040 passasjerar og ei utnyttingsgrad på 80%. Tala gjeld prosjektperioden på 9 månader.

Søkjar seier effektane av prosjektet er eit potensiale for auka besøkstal og styrka samarbeid mellom ulike reiselivsaktørar i regionen. Noko som vil skape auka aktivitet og livsgrunnlag for reiselivet i skuldersongene. Prosjektet vil skape/styrke arbeidsplassar i kommunane og gje ei sterkare samankopling av reiselivskommunane Aurland og Lærdal.

Det blei i 2014 gitt støtte til eit anna transporttilbod til Stegastein.

Vurdering og konsekvensar

Heilårs transport og opplevingstilbod i dette viktige turistområdet er positivt og viktig. Søkjar legg opp til at eit bra tal turistar skal fraktast på dei to turane.

Tiltaket kan reknast som bedriftsretta. Det er fleire aktørar som har turar til Stegastein, og eit tilskot kan virke konkurransevridande. Vi meiner difor at vi av desse grunnane ikkje kan, og ikkje bør støtte prosjektet.

Sjølv om tilbodet er positivt meiner vi transporttilbod i eit så viktig turistområde etter kvart bør finansiere seg sjølv.

Vedtak

Flåm Travel AS får avslag på søknaden om støtte til etableringa av eit transport og opplevingstilbod i Aurland.

3.9 Måløyraid Løypa

Kort om søknaden

Stiftelsen Måløyraid Senteret søker om 250 000 kr til å oppsetjing av 15 informasjonsskilt langs Måløyraid Løypa. Måløyraid Løypa er under konstruksjon og vil vere ei historisk vandring gjennom Måløy i dei områda der kampane under andre verdskrig føregjekk.

Informasjonsskilta skal plasserast ut langs Måløyraid Løypa på strategiske punkt i samsvar med hendingsgangen av angrepet. Skilta skal ha bilde og informasjon som viser hendinga og området under Måløyraidet, samt bilde av same området slik det ser ut i dag.

Måløyraid Løypa vil vere eit supplement til Måløyraid Senteret som er under oppbygging. Løypa skal skape nysgjerrigheit for senteret for dei som ikkje har besøkt det, samt vere ein dokumentasjon på kvar hendingane føregjekk for dei som har besøkt senteret. Det skal også vere ei oppleving i seg sjølv å gå Måløyraid Løypa utan å ha besøkt senteret.

Det vert jobba for å legge til rette for Måløy Hamn som ei god Cruise hamn, der Måløyraid Senteret og Måløyraid Løypa vere sentrale i tilbodet til cruiseturistane. men det er også tenkt at

Måløyraid Senteret og Måløyraid Løypa skal vere ein dagstur for cruiseturistar frå Nordfjardeid der det per mars 2018 er gjort avtale med 20 cruiseskip for 2019.

Det er ikkje gjort noko avtale med grunneigarar med tanke på å setje opp informasjonsskilt. Nokre av tavlene vil stå på kommunal eigedom og nokre på privat eigedom. Prosjektansvarleg seier i samtale at dette ikkje vil vere noko problem, då kommunen, andre aktørar, samt grunneigarane i området er svært positive til prosjektet.

Vurdering og konsekvensar

Det er svært positivt at det blir satsa på tilbod til turistar og besøkande som kjem til området, og at tilbodet er opent for alle. Prosjektet vil føre til eit større tilbod for besøkande til Måløy og vil vere med i ei pakkeløysing til cruiseturistar med anløp i Nordfjardeid.

Prosjektet treff godt med prioriteringane for infrastrukturmidleane. Med ein god presentasjon vil truleg Måløyraid Løypa, saman med Måløyraid Senteret vere interessant både for cruiseturistar og andre turistar. Prosjektet legg også til rette for vandring gjennom ein tettstad på ein måte som skapar meir interesse og mellom ulike historiske punkt og attraksjonar.

Senteret er ikkje opna enno, og god digital informasjon om senteret er ikkje på plass i dag. Vi føreset at senteret evnar å kople Måløyraid Løypa og Måløyraid Senteret saman på ein god måte og at informasjon om løypa også vil kome godt fram gjennom nettside og andre digitale kanalar.

Avtalar med grunneigarar er ikkje gjort. Vi føreset at dette vert avklara, og kjem på plass slik at ein kan får oppretta ei fullverdig løype der sentrale punkt er med.

Med desse atterhalda ynskjer vi å støtte prosjektet. Måløyraid Senteret søker om meir enn 50 %, og vi kan berre gje eit tilskot på inntil 50 % av totalbudsjettet.

Sjølv om Måløyraid Senteret står som søker, og vil få stor nytte av prosjektet vil løypa også gagne mange andre aktørar i området sidan den kan besøkast utan å besøke senteret.

Vedtak

Stiftelsen Måløyraid Senteret får 197 500 kr. til oppsetting av 15 informasjonsskilt langs Måløyraid Løypa, dette utgjer 50 % av totalbudsjettet.

Vi føreset at løypa blir godt kopla mot Måløyraid Senteret, og at det vert sørga for god digital informasjon om løypa. Vi føreset også at det vert inngått avtalar med alle grunneigarar slik at ein får til ei fullverdig løype gjennom dei historiske plassane.

3.10 Produktforbetringar – turløyper Stryn 2018 (trinn 2)

Kort om søknaden

Turløyper Stryn søker om 110 000 kr til prosjektet «Produktforbetringar turløyper Stryn – trinn 2.» Prosjektet går ut på å legge til rette løypetrase for fleire brukargrupper gjennom fleire sesongar.

Målgruppene er terrengsyklistar, turgåarar og skiløparar i alle aldrar. Turområdet skal utformast slik at flest mogleg skal ha glede av det. Denne løypa, Bjørneløypa, er ein del av løypenettet Turløyper Stryn. Dette løypenettet strekk seg frå Ullsheim i Markane til Tønningsetra og Stryn Skisenter. Traseen er på 1,7 km og er ein del av eit løypenett på ca. 40 km.

Prosjektet skal bidra til produktforbetring som gir auka bruksområder og større opplevingskvalitet for dei ulike brukargruppene. Satsinga er forankra i lokale og regionale planar for utvikling av reiselivet, med satsing på aktive naturopplevingar, vandring og sykling og sesongforlenging. Området der stien ligg er blautt og myrete, og med rett tilrettelegging får stiane eit naturdekke godt tilrettelagt for dei ulike brukargruppene.

Målet med prosjektet er å få fleire besøkande, både vinter og sommar. Denne oppgraderinga skal føre til overrisslingseffekt, og legge grunnlag for auka verdiskaping i lokalt næringsliv. Effektar av prosjektet skal vere at produktspekteret på destinasjonen skal auke, og tilbodet skal bygge opp under strategiane om å utvikle regionen til eit reisemål for aktive naturopplevingar, heile året.

Turløyper Stryn mottar årleg driftsstøtte frå Stryn kommune. Beløpet varierer, og siste året var det på 450 000 kr. Dei har tidlegare motteke årleg støtte frå Visit Nordfjord, som igjen er støttemottakar av fylkeskommunale midlar.

I 2017 fekk Turløyper Stryn 100 000 kr til første året av dette prosjektet, med atterhald om at løypene skal vere tilgjengeleg for alle.

Vurdering og konsekvensar

Prosjektet er viktig for å ivareta eit populært turområde og vil opne opp for fleire aktivitetar i området. Prosjekt som har fått midlar tidlegare skal prioriterast. Fylkesdirektøren går inn for å gi midlar til trinn 2 av prosjektet, med same atterhald som vart gitt for trinn 1.

Vedtak

Turløyper Stryn får 110 000 kr til utbetring av turløyper, med atterhald om at løypene skal vere tilgjengelege for alle.

3.11. Tilrettelegging av sti på sørsida av Briksdalen for å spreie trafikk og slitasje

Kort om søknaden

Briksdalsbre Fjellstove AS søkjer om 300 000 kr til oppretting av ny sti og oppgradering av eksisterande sti på sørsida av Briksdalen.

Målet med prosjektet er å gjere skape ei betre oppleving, samt gjere det tryggare for besøkande å gå opp til Briksdalsbreen. Prosjektet skal også utvide sesongen. Forholda for vandring om hausten er gode i regionen og ein ser moglegheiter for å auke besøkstal på den tida av året.

Briksdalsbreen er ein arm av Jostedalbreen, og er ein av Noregs mest besøkte attraksjonar, med rundt 300 000 besøkjande årleg, ¾ av dei besøkande tek beina fatt og vandrar både på veg og på sti på veg til breen. Ein har erfart at det er behov for å spreie trafikken og skilje vandrande og «Trollilane» i større grad. Prosjektet vil bidra til å bevare naturen gjennom trafikkstyring, og også gje ei betre oppleving for dei besøkande.

Gjennom tilrettelegging på sørsida av Briksdalen er målet å betre opplevinga med ein ny sti, samt oppgradering av eksisterande sti. Ein vil også kunne gå ein rundtur inn på «Kleivavegen». På denne måten blir eksisterande «Kleivaveg» knytt saman med ny og oppgradert sti. Ein vil også skilje betre dei som blir frakta opp i Trollbilar og dei som går. Slik vil ein betre ivareta opplevinga og naturverdiane og handtere store mengder besøkande med ei meir heilheitleg og berekraftig løysing.

Vurdering og konsekvensar

Prosjektet «Tilrettelegging av sti på sørsida av Briksdalen for å spreie trafikk og hindre slitasje» skal resultere i ei betre besøkshandtering, som vil skåne naturen og legge til rette for gode naturopplevingar for dei besøkjande.

Det kan vurderast om søknaden grensar til bedriftsutvikling, då Briksdalsbre Fjellstove AS er søkjar av prosjektet. Ei etablering av ny knytt til fjellstova vil kunne auke besøkande og betalande kundar for fjellstova. Prosjektet vert likevel vurdert som viktig for området og eit tiltak som gagnar besøkande i området, samt andre aktørar både lokalt og transportørar med fleire. Prosjektet er også positivt for å skåne naturen for slitasje som følgje av trafikken i området.

I denne saka ser vi på Briksdalsbre Fjellstove AS som ein prosjektleiar for eit tilretteleggande prosjekt som vil gagne mange bedrifter og omsyn. Vi vel likevel å øymerke midlane til ny bru som også kan løyse ut andre vandremoglegheiter. Briksdalen er eit belasta område når det kjem til turgåarar, så tiltak for å utvikle området er sett på som positivt.

Det vert vekta positivt at aktørane sjølve er inne med ein stor eigendel. Det er også positivt at bru og sti kan bidra til å forlengje sesongen. Vi ynskjer å støtte prosjektet, men synest søknadssummen er noko høg.

Vedtak

Briksdalsbre Fjellstove AS får 250 000 kr, øyremerka til oppretting av ny bru i forbindelse med ny sti og oppgradering av eksisterande sti på sørsida av Briksdalen. Det er ein føresetnad at prosjektet elles vert gjennomført som skissert, og at bru og sti er tilgjengeleg og ope for alle. Det er vidare ein føresetnad at prosjektet blir gjennomført etter semje med dei styresmaktene som har ansvar for nasjonalparken.

Finansiering frå andre skal ikkje kome frå kommunalt næringsfond.

3.12 Topptur Jølster – tavler til informasjonspunkt

Kort om søknaden

Jølster kommune søker kr 85 000 til oppsetjing av informasjonstavler på dei tre innfartsvegane til Jølster; Klakegg, Kjøsnes og Vassenden. Dette prosjektet vil medverke til betre informasjon og tilrettelegging for aktivitetsbasert turisme generelt.

Informasjonstavlene skal vise toppturparkeringsplassane i Jølster. Prosjektet vil vere med på å gjere fjella i Jølster meir tilgjengeleg for besøkande, både sommar og vinter.

Jølster kommune ynskjer å bli ein attraktiv vinterdestinasjon. Kommunen grensar til Sogndal som reklamerer med den beste snøen, dette ynskjer Jølster kommune å spele vidare på. Det er mange høve for toppturar i Jølster, og samanlikna med Sogndal er fjella lite brukte. Fleire overnattingsstadar fins i området som treng aktiviteten på vinteren.

Prosjektet som er omsøkt er eit delprosjekt av eit større prosjekt i Jølster. Hovudprosjektet handlar om marknadsføring av toppturar i Jølster. Dette hovudprosjektet skal binde saman tre andre satsingar på vinterturisme i Jølster. Dei tre satsingane er; Toppturboka med toppturar i Jølster, Førde, Naustdal og Gaular utgitt i 2017, «Vinterturismeprosjektet» til Sunnfjord Utvikling skal arbeide med produktutvikling i Jølster, og «toppturparkeringsplassane» i Jølster i regi av Jølster kommune – det blir laga ni parkeringsplassar rundt om i Jølster ved populære fjell.

Hovudprosjektet er eigd av Jølster kommune og leia av Sunnfjord Utvikling. I prosjektgruppa er Jølster 365, Jølster næringsforum og Toppturboka i Sunnfjord representert.

Vurdering og konsekvensar

Fylkeskommunen har tidlegare vore inne med finansiering til å setje i stand parkeringsplassane til toppturar i Jølster kommune, som det no blir søkt midlar om for å skilte til ved innfartsvegane til Jølster. Dette er eit prosjekt som vil vere kunne vere med på å auke turismen i Jølster, spesielt vinterstid. Dette vil igjen kunne føre til auka overnattningar i kommunen vinterstid, noko overnattingsbedriftene treng.

Vedtak

Jølster kommune får kr 85 000 til oppsetjing av informasjonsskilt.

3.13 Eggenipa – ny tilkomstveg og parkeringsplass

Kort om søknaden

Nibberåsa søker kr 775 625 til bygging av ny tilkomstveg og parkeringsplass. Nibberåsa skal bygge berekraftig sti til Eggenipa og rundt dalføre Høgredalen. Det er forventet stor auke av besøkande til Eggenipa når stien opp og rundturen er ferdig i 2020. For å vere budd på tilstrøyminga, er det viktig at folk får ein positiv velkomst med god veg og parkering.

Målet er at alle skal ha eit positivt møte med Eggenipa og organiseringa rundt. Eggenipa er ein krevjande tur, for at den skal bli positiv ynskjer foreininga Nibberåsa å lage ein berekraftig, trygg og lett framkommeleg sti frå E-39 til Eggenipa og med rundtur rundt dalen heim igjen. Det er ynskje om å gjere Eggenipa til den nye Besseggen.

Med forventet besøksauke i området, vil prosjektet stimulere til auka verdiskaping i landbruksturisme og opplevingsnæringane. I dag er det relativt få hytter i området og kapasiteten er sprengt delar av året. Auka etterspurnad vil føre til auka investering i området.

Til utbetring av sjølve stien vil det mellom anna bli søkt spelemidlar. Søknaden til infrastrukturmidlane omfattar den delen av prosjektet som går på oppgradering/opparbeiding av veg og parkeringsplass for å kunne ta unna den venta auken i tilreisande. Situasjonen i dag er ikkje tilfredstillande.

Prosjektet har fått idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av Gloppen kommune.

Vurdering og konsekvensar

Prosjektet er godt forankra i Gloppen kommune der dei satsar stort på å auke besøket til Eggenipa, og jobbar difor med å utbetre tilkomsten til fjellet.

Søkjjar skriv at det er venta eit besøkstal på 5000 vandrarakar når stien er ferdig, og at Eggenipa har potensiale som Besseggen og Trolltunga. Det er vanskeleg for oss å vurdere kva som er realistisk tal besøkande, men Eggenipa ligg både lett tilgjengeleg til ved E39 og er allereie eit kjent fotomotiv så vi reknar sannsynet for ei god auke i besøkande som stort. Dette føreset sjølvstøtt god marknadsføring og at infrastrukturen er på plass. Tilkomstveg og parkeringsplass er eit viktig tiltak for å få til dette.

Det gode og formaliserte samarbeidet mellom grunneigarane er svært positivt, og oss saman med samarbeidet med kommunen tru på gjennomføringsevna.

Prosjektet stør opp under vandring som aktivitet, og auka besøk kan føre til lenger opphaldstid i området/ekstra gjestedøgn som igjen gir auka verdiskaping til verksemdene i området.

Vedtak

Nibberåsa får kr 400 000 til tilkomstveg og parkeringsplass. Tilskotet vert gjeve under føresetnad av at arbeidet med stien vil bli gjennomført som planlagt.

3.14 Utbetring av tilkomststien til Wittgensteinhuset i Skjolden

Kort om søknaden

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden søkjer om kr 45 000 til utbetring av tilkomststi langs Eidsvatnet og sikringstiltak av stien opp frå vatnet til Wittgenstein-huset.

Det er fleire tiltak som må gjerast ved tilkomststien til Wittgenstein-huset. Stien langs Eidsvatnet må utbetrast og den svært bratte tilkomsten opp frå vatnet må sikrast med etablering av rekkverk som opprinneleg utført. Langs vatnet må stien dels ryddast, dels byggast høgre i terrenget med moderast oppfylling og drenering med stikkrenner.

Huset til filosofen Wittgenstein er no flytta tilbake til Skjolden til den spektakulære tomte / berghylla filosofen valde å bygge i 1914. Målet til dette prosjektet er å legge til rette for høveleg tilgang til kulturminnet.

I tillegg til å tene tilkomst til Wittgenstein-huset, er stien ein del av og knytt saman med gang/sykelsti frå Skjolden til Fortun. Stien vil difor bli del av eit nyleg opparbeid turvegnett.

Turstiprosjektet vil bli utført i samarbeid med Skjolden Bygdelag og Fanaråken I.L. Prosjektet er av turistmessig interesse for dei nærliggjande turistverksemdene Skjolden Hotell, Vassbakken Camping og Nymoer Camping.

Vurdering og konsekvensar

Prosjektet er eit godt tiltak for å gjere tilkomsten til Wittgenstein-huset betre. Men prosjektet er ikkje viktig for tilgang til andre stiar i turområder i området, og vi vurderer at prosjektet har avgrensa effekt sett opp mot utlysingskriteria som til dømes auka verdiskaping då det truleg ikkje vil generere stort besøk. Fylkesdirektøren vonar at prosjektet let seg gjennomføre likevel.

Vedtak

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden får avslag på søknaden.

3.15 Prosjektskildring vandre- og sykkelsti Napen i Hjelledalen, Stryn fase 2

Kort om søknaden

Folven AS søker om kr 94 625 til fase to i utbygging av vandre- og sykkelstien «Napen». Vandre- og sykkelstien «Napen» i Hjelledalen er ferdigstilt og prosjektet går no over i fase to der stien skal vidare frå Napen og opp til første tunnelen på Strynefjellsvegen. Frå Napen til tunnelen vil løypa bli mellom 2,5 og 3 km.

Napen er eit svært godt egna område område for vandring og stisykling, som er tilgjengeleg frå veg og ligg i tilknytning til allereie etablerte aktivitetstilbod. Napen vil vere eit tilbod til ei brei brukargruppe for alle aldersgrupper og ferdigheitsnivå.

Målet med prosjektet er å få på plass ein attraktiv sykkel- og vandresti som vil bli ein hovudaktivitet i området. Dette vil gjere Oppstryn meir attraktiv og gi reiselivsnæringa fleire tilbod å spele på.

Visit Nordfjord, Oppstryn idrettslag, grunneigarar og lokale entusiastar er samarbeidspartnarar i dette prosjektet.

Prosjektet skal resultere i auka attraktivitet for området og auka aktivitet og trivsel blant fastbuande og besøkande. Betre tilrettelegging for friluftsliv i nærmiljøet er forventa å vere eit godt grep for å stimulere til auka fysisk aktivitet i befolkinga.

Vurdering og konsekvensar

Fylkesdirektøren ser det som positivt at søker ynskjer å skape eit større turtilbod i området. Det er mange turistar som besøker området i Stryn, og mange ynskjer å ta i bruk fjellet og naturen. Stiar til vandring er eit av prioriteringsområda til fylkeskommunen, men her er det snakk om ein sykkel- og vandresti. Sykkelsti og vandresti er i utgangspunktet to forskjellige ting. Dette ser primært ut til å vere ein sykkelsti, men søker skriv at traseen er oversiktleg slik at den også kan nyttast av vandrane. Vi synest tiltaket er positivt, og kan supplere eksisterande aktivitetstilbod men ut frå tildelingskriteria når ikkje dette prosjektet opp i konkurransen i år.

Vedtak

Folven AS får avslag på søknaden.

3.16 Produktforbetring Holvikejekta**Kort om søknaden**

Holvikjekta vart bygd på Sandane i 1881 og er det einaste bevarte autentiske fartøyet av denne typen. Presentasjonen av Holvikejekta står i følge søker, ikkje i stil med den kulturhistoriske verdien jekta har. Området og bygningane rundt er i dårleg forfatning. Tilkomst, parkering samt tilstanden på grøntområde rundt gjer ikkje eitt godt inntrykk, og den informasjonen som presenterast på området treng ein oppdatering.

Prosjektet tar sikte på seg å gjennomføre fleire relativt enkle tiltak som dei meiner vil forbetre både presentasjon og tilkomst til jekta. Heilt konkret så vil prosjektet ta føre seg tre punkt. Desse er tilkomst, forskjønning av området og skilting.

Tilkomsten skal betrast ved at det skal lagast eit eige område for parkering som rommar både bil og buss. Ein skal gruse vegen ned mot parkeringsplassen på nytt og hyre inn ein landskapsarkitekt til å leggje ein plan for område. Eitt gamalt lagerbygg som ligg like ved skal rivast og det skal og produserast nye skilt med oppdatert kulturhistorisk informasjon om jekta.

Prosjektet har ein totalkostnad på kr. 200 000 kor forskjønning av området utgjer ca. kr. 90 000, skilt kr. 30 000 og utbetring av veg kr. 30 000. Arbeidsinnsatsen er budsjettert til kr. 50 000. Prosjektet er tenkt ferdigstilt i løpet av 2019.

Prosjektet er foreslått finansiert med kr. 78 000 i eige arbeid og eigne midlar. Gloppen kommune og Gloppen Sogelag går inn med kr. 10 000 og kr. 12 000. Frå fylkeskommunen søker dei om kr. 100 000. Søknadssummen utgjer 50 % av finansieringa.

Vurdering og konsekvensar

Prosjektet tek føre seg konkrete tiltak som vil gjere ein viktig kulturhistorisk attraksjon meir

tilgjengeleg for tilreisande. Prosjektet vil betre presentasjonen av jekta, og truleg gje besøkjande ei betre oppleving. Vi er usikker på om dei skisserte tiltaka er nok til å løfte jekta opp til eitt nivå kor den vil trekke til seg fleire turistar til området. Vi vurderer difor at prosjektet har avgrensa effekt sett opp mot prioriteringane i utlysingsteksten.

Vedtak

Musea i Sogn og Fjordane får avslag på søknaden.

3.17 Infrastrukturtiltak knytt til produktutvikling av Selja og Selja kloster og helgenanlegg

Kort om søknaden

Stiftinga Sankta Sunniva søker om kr. 180 000 i støtte til eitt tredelt prosjekt som skal utvikle Selja og Selja kloster og helgenanlegg. Dei tre delane i søknaden er: 1. infrastruktur og informasjon i Selje sentrum der ein skal produsere skilt i samsvar med ein tidligare utarbeidd skiltplan. 2. Utvikling av to alternative stiar frå Bø til klosteret. Her skal ein utvikle to stiar for å ta seg fram til klosteret, som eitt alternativ til å ta båten heile vegen. Ein ser her føre seg å utarbeide eit konsept for informasjonsformidling langs stiane. 3. Midlar for å supplere billettinntektene for å kunne tilby båtskyss over sundet.

Stiftinga har slite med låge besøkstal dei siste åra, og prosjektet skal bidra til å auke opplevingskvaliteten og på den måten legge grunnlaget for fleire besøkande til klosteret.

Tiltaket er tenkt gjennomført over to år. Tiltaka har ei kostnadsramme på kr. 100 000 for tiltak 1, kr. 60 000 for tiltak 2 og kr. 200 000 for tiltak 3. Kva kostnadar som inngår i grunnlaget er ikkje spesifisert i søknaden.

Tiltaket er tenkt finansiert med kr. 80 000 i eigeninnsats, kr 100 000 i eigenandel og kr. 180 000 frå infrastrukturmidlane.

Vurdering og konsekvensar

Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad har sendt inn ein søknad for tiltak i tre deler knytt til å vidareutvikle Selja og Selja kloster. Søknaden tar føre seg tiltak som er tenkt å understøtte eitt større produktutviklingsprosjekt, truleg i regi av NCE Tourism.

I søknaden kjem det fram at ein i lang tid har forsøkt å fremje Selja og Selja kloster som reisemål utan at ein har sett dei positive ringverknadane av dette.

Fylkeskommunen si vurdering av søknaden er at dei skisserte tiltaka vil ha for liten effekt samanlikna med konkurrerande søknadar. Søknaden er mangelfull og det kjem ikkje tydeleg fram kva kostnadar som er budsjettert. Ein har og blanda erfaring med gjennomføringsevna til stiftinga.

Fylkeskommunen er klar over at NCE Tourism er inne i eitt større prosjekt i området, og at dette at dette prosjektet er inne i ein innkjøpsprosess..

Vedtak

Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad får avslag på søknaden.

3.18 Digital formidling av vikinghistoria på Nordfjordeid

Kort om søknaden

Stiftinga Sagastad ønskjer å utvikle ein app for formidling av ulike kulturminner i Eid sentrum, og søker om kr. 125 000 til dette arbeidet. Stiftinga ser føre seg å samarbeide med fleire bedrifter med erfaring frå tilsvarande arbeid frå før. Prosjektet er delt i to fasar. I fase ein skal ein utvikle stadinformasjon om vikinghistoria og funna på Nordfjordeid. I fase to ser ein føre seg at ein skal bygge ut appen med fleire attraksjonar.

Stiftinga har identifisert to bedrifter som dei ser føre seg at dei vil samarbeide med om utviklinga av appen. Den første er Expology som har vore sentral i utviklinga av utstillinga i den nye Sagaparken i Nordfjordeid. Den andre bedrifta er AiSpot som utviklar mobilappar og som tidligare

har utvikla digitale reiseassistentar for både Røros, Rjukan og Notodden. Ein ser og føre seg at innhaldet skal kvalitetssikrast av UiB.

Tanken bak appen er å levandegjere og aktualisere historia som finns i Nordfjordeid, ved at dei som lastar ned appen vil få opp informasjon om historiske steder i nærleiken etter kvart som dei bevegar seg rundt i byen.

Prosjektet har ein totalkostnad på kr. 250 000 og stiftinga søkjer om kr. 125 000 (50 %). Resterande 50 % er tenkt finansiert ved eige arbeid og eigne midlar.

Vurdering og konsekvensar

Å finne nye og spanande metodar å formidle historie er utfordrande. Det er mange initiativ som tek i bruk ny teknologi for å oppnå dette. Nokon klarar det men mange fell og i gjennom.

Eitt problem er at det lagast ein og ein app som gjer at utvalet for sluttbrukaren blir for stort og at mange slike apper ender opp med ikkje å bli brukt. Apper vert og fort utdatert og det krev betydelege ressursar for å oppretthalde den tekniske standarden som krevst av sluttbrukarane. Ein har og historisk vore tilbakehalden med å nytte infrastrukturmidlane til å utvikle apper

Vi meiner framleis infrastrukturmidlane ikkje bør nyttast til å utvikle nye appar. Men vi meiner tanken om ei rundløype knytt opp mot vikinghistoria og funna på Nordfjordeid er god, og at dette vil vere eit godt supplement til skipet og utstillingane. Prosjektet koplar vandring i sentrumsområdet med historieforteljing og gjer eit større område interessant for dei som er interessert i vikinghistorie. Formidling av vikinghistoria kan bli ein særeigen attraksjon, og vandring også i tettstadar og mellom kulturattraksjonar er prioritert i utlysinga. Vi vel difor å vere med på å dekke dei kostnadane som går på innhaldsutviklinga.

Totalbudsjettet er på 250 000 kr., og vi reknar at minimum 130 000 kr. er direkte knytt til teknologien. Vi går difor inn med eit tilskot på 50 % av resterande sum, det vil seie 60 000 kr. Føresetnaden er at appen vert utvikla på ein god måte, at den vert gjort tilgjengeleg for alle utan betalingsløysingar, og at appen vert oppdatert og varer eit tid framover. Dette føreset at Sagastad går inn med meir eigne midlar, eller får inn midlar frå andre.

Vedtak

Stiftinga Sagastad får eit tilskot på inntil 60 000 kr. som skal gå til innhaldsutviklinga og utforming av tekst til digital formidling av vikinghistoria. Appen skal vere tilgjengeleg for alle utan betalingsløysing, og må bli oppdatert slik at dette ikkje er eit tidsavgrensa tiltak for ein kort periode.

3.19 Lysprosjektet «Vinterattraksjonar i Nærøyfjorden»

Kort om søknaden

Nærøyfjorden verdsarvpark vil setje i gang eitt forprosjekt som ser på om det er mogeleg å auke attraktiviteten til Nærøyfjorden på vinterstid ved å lyssetje attraksjonar langs fjorden på haust- og vinterstid. Søkjar meiner at ein slik lyssetjing vil vere med å gjere båtreiser langs fjorden meir interessante haust- og vinterstid.

Prosjektet ein no søkjar midlar til har som målsetjing å setje opp to lyspunkt som skal vere i drift frå hausten 18. Attraksjonane ein ser føre seg å byrje med er Sagfossen og bygningane på Holmo.

Ein vil i forprosjektet samarbeide med ulike bedrifter for å få råd både kva gjeld innkjøp og tekniske løysingar.

Forprosjektet ein no søkjer om tar som nemnt sikte på seg å sette opp to lyspunkt som skal vere i drift frå overgangen mellom 2018 og 2019. Viss resultatata frå forprosjektet er tilfredstillande ser ein føre seg eitt hovudprosjekt kor ein skal setje opp ytterligare 15 lyspunkt.

Kostnadane i forprosjektet består av kr. 120 000 til prosjektleiing og kr. 500 000 til tekniske installasjonar.

I finansieringsplanen er det satt opp kr. 400 000 frå det offentlege (FK, IN, NFR og Aurland kommune). Kr. 70 000 i eigne midlar (NVP og The fjords/Flåm AS) samt kr. 75 000 frå Aurland Energiverk og kr. 75 000 frå Start – UPS forskingsprogram.

Vurdering og konsekvensar

Det er fleire forhold som talar for prosjektet. Det er eitt tiltak som vil kunne auke attraktiviteten til området som reisemål på haust- og vinterstid. På den andre sida er ikkje lyssetjing i seg sjølv nok, her er ein avhengig av å lage gode produkt og rammer rundt. Ein må og ha ein god plan for kven ein skal selje dette til, dette er ikkje belyst i søknaden.

Prosjektet som er skissert her er omfattar ikkje berre ein moglegheitsstudie men og å sette opp to lyspunkt. Eit viktig poeng som talar mot prosjektet er at ein, i ein verdsarvpark, må vere veldig forsiktig med kva faste installasjonar ein sett opp.

Det er ikkje henta inn løyve hjå grunneigar og forvaltning/verneområdestyre for oppsett av lyspunkt. Dette er avgjerande for prosjektet og burde vore gjort før det vert søkt om støtte til faste installasjonar.

Fylkeskommunen synst tanken er spanande og tiltak for å auke attraktiviteten i skuldersesongen er alltid interessante. Fylkeskommunen ser det derimot ikkje som si rolle å gå inn med pengar til eitt slikt prosjekt sjølv om eventuelle godkjenningar frå grunneigarar og vernestyresmakter hadde vore på plass ved søknad.

Vedtak

Nærøyfjorden verdsarvpark får avslag på søknaden.

3.20 Styrka båtrutetilbod mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden

Sjølv om vi ikkje har funne rom for å støtte søknaden om tilskot til marknadsføring av sesongutvidinga på ruta Bergen-Flåm, er eit båtrutetilbod på Sognefjorden som er godt tilpassa turistar svært viktig for heile næringa i Sogn.

Flåmsekspresen går i dag i 8 veker med ein mindre båt. Det er ein stor økonomisk risiko for private aktørar å bidra med utvida tilbod gjennom lenger sesong eller større fartøy.

Fylkesutvalet har i sak 120/17 gitt administrasjonen i oppdrag å greie ut eit styrka tilbod mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden før saka eventuelt skal gå vidare til fylkestinget. Dette arbeidet er i gong, men ikkje ferdigstilt.

Vi rår til å setje av inntil 150 000 kr. til å styrke tilbodet mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden. Saka må utgreiast nærare før eit eventuelt tilskot. Midlane skal ikkje nyttast til rutedrift, men til andre tiltak som gjer at ein kan lukkast med eit styrka tilbod, som til dømes marknadsføring.